

# Vil opne for nynorsk i ELLE

**(NPK): Ho skreiv nynorsk heilt til ho fekk jobb i Dagbladet og vart nøydd til å tilpasse seg språknorma der. Som sjefredaktør i ELLE kan Signy Fardal sjølv setje premissar. – Vi kan godt prøve ut nynorsk, seier ho.**

– Det er ikkje slik at vi har ein politikk som seier at vi ikkje skal skrive på nynorsk i ELLE. Vi har berre aldri gjort det, men vi skal teste det ut.

Det sa ELLE-redaktør Signy Fardal då ho laurdag stilte opp for å debattere stoda og framtida for nynorsken som mediespråk. Det var Kringkastingsringen som hadde invitert til seminaret «Språkreisa – nynorskingar i riksmidia».

## Legg vekk nynorsken

I panelet sat fleire journalistar med nynorskbakgrunn. Berre nokre få av dei nyttar nynorsk i jobbkvardagen no.

– I fleire riksmidia vert det sett på som sjølvstøtt at ein skal leggje vekk nynorsken om ein får jobb, seier leiar for Nynorsk mediesenter i Førde, Magni Øvrebotten.

Politisk leiar i Dagsavisen, Kjell-Erik Kallset, opplevde dette då han vart tilsett i Dagsavisen for ti år sidan. Størstedelen av lesarkrinsen til Dagsavisen var i Oslo, og då skulle avisa vere på bokmål, var meldinga frå redaktøren den gong.

Den same språknorma måtte Yngve Kvistad tilpasse seg, då han starta å jobbe i VG. Tidlegare hadde han jobba i Trønderavisa, og veksla mellom å bruke nynorsk og bokmål.

– På leiaravdelinga i VG i dag har vi paradoksalt nok overvekt av nynorskbrukarar. Men vi har tilpassa oss arbeidsplassen. Det er bokmål som er språknorma i VG, det er ikkje vits i å krangle på det, meiner han.

## Ingen diskusjon

Signy Fardal krangla heller ikkje, då ho som ung journalist entra Dagbladet.

– Eg skreiv nynorsk då eg kom til Oslo, då eg jobba i Klassekampen, i Ny Tid og i Ungsosialisten. Men då eg byrja å jobbe i Dagbladet, måtte eg skrive bokmål, og det har eg gjort sidan. Eg har aldri vore noko aktivt målmenneske, og no har eg budd så lenge i Oslo at eg ikkje eingong snakkar dialekt lenger, seier ho.

Som sjefredaktør i ELLE er det Fardal sjølv som set premissar. Ho har likevel aldri vurdert å bruke nynorsk igjen.

– Hadde eg fått inn ein tekst på nynorsk, trur eg nok at eg ville ha trykt han på nynorsk, og vi har late folk bli sitert på nynorsk. Men vi har faktisk aldri teke ein diskusjon på dette i redaksjonen. Det er ikkje eingong medvite, det har berre vorte slik. Vi bør kanskje ta ein slik diskusjon no, seier ho.

## Nye tider?

– Kanskje er det litt tilfeldig kvar vi kan lese nynorsk og ikkje i dag, kommenterer Kjell-Erik Kallset etter å ha høyrte på Signy Fardal.

Han meiner at tilhøva for nynorsken i media i dag er betre enn for ti år sidan, og trur det kan bli endå betre om ein held fram med å ta eit steg om gongen.

Fem år etter at han starta i Dagsavisen, kunne han sjølv ta til å skrive kommentarar på nynorsk. Sidan har han halde fram med det, ein til to gonger i veka.

– Redaktøren var veldig i tvil i starten. Han frykta at avisa skulle miste lesarar. Men det har ho ikkje gjort. (NPK)